

11.09.2009

Fleire menn velkomne!



Ni menn var på øvingskveld nummer to i denne sesongen – men det er plass til fleire! Frå venstre Jan Ove Olsen, Steinar Naterstad, Lars Henrik Skogtun, Oscar Langballe, Kjell Magne Haugland, Svein Rimestad, dirigent Maria Malmsten, Kåre Vetrhus, Kjell Sigbjørn Røssland og Norvald Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Då blandakoret Røysterett for alle denne hausten kunngjorde at dei tok til med øvingene i Bringedalsbygda skule ynskte dei nye røyster særskilt velkomne. Og dei la til at ”skulle det vera mannsrøyster, er det ikke ende på kor velkomne dei er”. Korleis har det så gått - har det så langt kome fleire mannsrøyster enn 11-12 av dei rundt rekna 35 som no er med i det populære koret?**



Maria Malmsten slår an tonen for (frå venstre) Oscar Langballe, Lars Henrik Skogtun og Kjell Magne Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

uskedalen.no var fluge på veggen under øving nummer to i denne sesongen og kan mælda at det førebels berre eksisterar eit ikkje bekrefta rykte om at fleire menn er på veg inn. Faktisk går ryktet ut på at to nye er i ferd med å ta den viktige beslutninga og korleiinga ventar med lengsel på dei.

-No er det fem bassar og seks tenorar samt ein tenor i permisjon. Hvis vi fekk to til på kvar stemme, ville vi vera overlukkelege. Då ville vi koma meir i balanse og bli mindre sårbarar, sa leiar Svein Rimestad og dirigent Maria Malmsten var heilt samd.

Men ingen av dei to hadde noko klart svar på kvifor det er mansunderskot i blandakora både her og der. Det gjeld til dømes også Rosendal songlag, som har 9 menn av 30 og det same underskotet er tilstades også på

Halsnøy og Husnes. Og dette er slett ikkje noko særnorsk fenomen. Rimestad og Malmsten har merka seg at også koret frå Riga som dei har hatt tett samband med har underskot på menn.

-Kanskje har det noko med kjønnsrollar å gjera, undra Rimestad.

- Kanskje er det meir attraktivt å syngja i reine mannskor enn i blandakor?

Men uansett var det triveleg og god stemning på øvinga. Songarane gledde seg over at dei dagen før hadde fått syngja i det spesielle 09.09.09-bryllupet i kyrkja i Uskedalen og naturleg nok hadde koret to bruremarsjar å by på, ein frå Østerdalen og ein frå Telemark. Dessutan song dei Kvannsanketid med Svein Rimestad som solist.

-Fantastisk bra, det er ikkje ofte vi har slike praktiske oppdrag og vi tek gjerne fleire, sa Maria.

Ellers fortalte ho at dei skal syngja saman med folkemusikklaget i Herøysund 24. Oktober, at det naturlegvis blir julekonsert i kyrkja også i år og at Mariamusikken kjem att midt i mars. Då blir det eit nytt samarbeid med Rosendal songlag og musikkarar. og denne gongen satsar dei på å framföra heile verket. Siste satsen var ikkje med førre gongen.

Av Ola Matti Mathisen